

**DELÅRSRAPPORT  
& REKNESKAP**

3. kvartal 2017



INDRE SOGN  
SPAREBANK  
ekte lokalbank

## Innhold

Hovudtal konsern.....	3
Styret si melding .....	4
Delårsrekneskap 3. kvartal 2017.....	10
Eigenkapitaloppstilling.....	12
Kontantstraumanalyse.....	14
Notar .....	15

## Hovudtal konsern

i 1.000 kr.

<b>RESULTATSAMANDRAG</b>	<b>30.09.2017</b>	<b>i % av gj.sn. forv.kap.</b>	<b>30.09.2016</b>	<b>i % av gj.sn. forv.kap.</b>
Netto renteinntekter	44.664	1,72 %	45.127	1,82 %
Netto andre driftsinntekter	23.020	0,89 %	16.746	0,45 %
Netto avkastning finansielle investeringer	9.403	0,36 %	8.673	0,35 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>77.088</b>	<b>2,97 %</b>	<b>70.546</b>	<b>2,62 %</b>
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>49.591</b>	<b>1,91 %</b>	<b>51.376</b>	<b>2,08 %</b>
<b>Resultat før tap</b>	<b>27.497</b>	<b>1,06 %</b>	<b>19.170</b>	<b>0,55 %</b>
Tap på utlån	3.679	0,14 %	11	0,00 %
Skattekostnad	3.068	0,12 %	2.291	0,09 %
<b>Ordinært resultat etter skatt</b>	<b>20.750</b>	<b>0,80 %</b>	<b>16.868</b>	<b>0,45 %</b>

<b>NØKKELTAL</b>	<b>30.09.2017</b>	<b>30.09.2016</b>
<b>Balansetal</b>		
Brutto utlån	2.783.176	2.776.236
Eika Boligkreditt AS	1.141.202	1.008.303
<b>Totale utlån med Eika Boligkreditt AS</b>	<b>3.924.378</b>	<b>3.784.539</b>
Innskot frå kundar	2.693.576	2.592.173
Innskotsdekning morbank	97,23 %	94,44 %
Forvaltningskapital	3.497.900	3.492.772
<b>Lønsemd</b>		
Kostnadsprosent	66,13 %	72,59 %
Eigenkapitalrentabilitet	7,93 %	6,68 %
<b>Soliditet</b>		
Kapitaldekning, morbank	18,99 %	15,95 %
Kjernekapital, morbank	16,61 %	14,25 %
Rein kjernekapital, morbank	14,82 %	13,11 %
Eigenkapitalandel	10,68 %	10,09 %
<b>Likviditet (morbank)</b>		
LCR	164	129
Likviditetsgrad 1	115,87	107,61
Likviditetsgrad 2	117,23	114,51
<b>Eigenkapitalbevis (morbank)</b>		
Utbyte på eigenkapitalbevis	3,00	4,00
Bokført pr EK bevis	172,27	162,01
Kurs på eigenkapitalbevis	80,00	69,50

## Styret si melding

### Kvartalsrapport pr. 30.09.2017

Rekneskapen for 3. kvartal 2017 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 "delårsrapportering".

Med endra fortolking av rekneskapsreglane rundt fondsobligasjonslån, avvik tala frå tidlegare periodar. Fondsobligasjonslånet på MNOK 40 er i balansen flytta frå ansvarleg lånekapital til annan innskoten eigenkapital. Samtidig er tilhøyrande rentekostnader på MNOK 1,4 flytt frå ordinært resultat til negativ opptent eigenkapital. Det påverkar banken sin rentenetto, kostnadsprosent og ordinært resultat positivt. Utrekning av eigarbrøk og resultat pr. eigenkapitalbevis er uendra. Historiske samanlikningstal er omarbeida tilsvarande.

Rekneskapet for tredje kvartal 2017 er ikkje revidert.

Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve.

### Resultat

ISSB fekk eit driftsresultat før skatt på MNOK 23,82 pr. 30.09.2017, mot MNOK 19,16 pr. 30.09.2016. Banken sine inntekter auka med MNOK 4,66 i høve same periode i fjor. Det skuldast reduserte kostnader, auka provisjonsinntekter og gevinst ved sal/avtalar knytt til banken sine bygg.

Resultat av ordinær bankdrift<sup>1</sup> pr. 30.09.2017 var MNOK 21,73 mot MNOK 19,39 pr. 30.09.2016. Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet<sup>2</sup> pr. 30.09.2017 på 7,93 %.

Totalresultatet pr. 30.09.2017 var MNOK 17,78 mot MNOK 13,27 pr. 30.09.2016.

## Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,72 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, ein reduksjon på 0,08 %-poeng frå 31.12.2016. Netto renteinntekter har ein reduksjon på 1,02 %-poeng frå 30.09.2016.

## Driftsinntekter

Pr. 30.09.2017 var andre ordinære driftsinntekter<sup>3</sup> MNOK 15,85 mot MNOK 13,45 pr. 30.09.2016, ein auke på MNOK 2,40 sidan 30.09.2016. Mellom anna på grunn av at banken i andre kvartal 2017 fekk ekstraordinære inntekter på MNOK 5,20 i samband med sal av bankbygget i Øvre Årdal og avtalar i høve ISSB eigedom AS.

Utbyte og netto vinst/tap finansielle instrument aukar andre ordinære driftsinntekter med MNOK 9,40 pr. 30.09.2017. Til same tid i fjor ga dette eit positivt bidrag på MNOK 8,67.

Banken har god vekst i sal av produkta frå Eika som kort- og spareprodukt, og skade- og personforsikring.

---

<sup>1</sup> **Resultat ordinær bankdrift** er driftsresultat før skatt korrigert for netto vinst/tap på finansielle instrument.

<sup>2</sup> **Eigenkapitalrentabilitet** er utrekna som framskrive resultat etter skatt korrigert for påløpne renter som skal utbetalast til fondsobligasjonsinvestorane, i høve gjennomsnittleg eigenkapital utan fondsobligasjon.

<sup>3</sup> **Andre ordinære driftsinntekter** er andre driftsinntekter, provisjonsinntekter og resultatandel investering i tilknytt selskap.

## Driftskostnader

Pr. 30.09.2017 var driftskostnadene MNOK 49,59 mot MNOK 51,38 til same tid i fjor. Reduksjon i driftskostnader skuldast i hovudsak reduksjon i personalkostnader, andre driftskostnader og endra periodisering av avgifta til Bankenes Sikringsfond.

Kostnadsprosenten pr. 30.09.2017 er 66,13 % mot 72,59 % pr. 30.09.2016.

## Tap på utlån og garantiar

Morbanken har pr. 30.09.2017 kostnadsført tap på utlån med MNOK 3,68 mot ei inntektsføring på MNOK 0,01 til same tid i fjor. I løpet av 3. kvartal 2017, har morbanken redusert individuelle nedskrivningar med MNOK 1,98. Gruppenedskrivningane i morbank er uendra i 3. kvartal 2017. Sum individuelle nedskrivningar i morbank utgjør 0,18 % og nedskrivning av grupper utgjør 0,22 % av brutto utlån pr. 30.09.2017. Næringslivet i banken sitt kjerneområde går for tida godt.

## Kapitaldekning

Pr. 30.09.2017 var morbank si kapitaldekning 18,99 % mot 15,95 % pr. 30.09.2016. Utrekningsgrunnlaget er redusert frå MNOK 1.832,27 pr. 30.09.2016 til MNOK 1.677,99 pr. 30.09.2017. Rein kjernekapitaldekning i morbank var 14,82 % pr. 30.09.2017 mot 13,11 % pr. 30.09.2016. Eigenkapitalen til banken har auka frå MNOK 352,41 pr. 30.09.2016 til MNOK 375,23 pr. 30.09.2017. Resultatet pr. 30.09.2017 fråtrekt utbyte i høve utbytepolitikken er rekna med i kapitaldekninga.

Banken si kapitaldekning ligg over det regulatoriske kravet og Pilar 2-kravet på 3 % frå 30.09.2017.

Styret vil vi ha sterk fokus på å styrke kapitaldekninga ytterlegare i løpet av 2017 og vil treffa nødvendige tiltak i høve det.

## Avkastning på egenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 30.09.2017 etter berekna skatt, vart MNOK 17,66 mot MNOK 16,69 pr. 30.09.2016. Egenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. egenkapitalbevis. I morbank pr. 30.09.2017 er avkastninga NOK 8,37 pr. egenkapitalbevis etter skatt.

Egenkapitalbevisa i ISSB er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 30.09.2017 var NOK 80,00 pr. egenkapitalbevis, pr. 30.09.2016 var kursen NOK 69,50. For år 2016 vart det betalt ut NOK 3,00 pr. egenkapitalbevis i utbyte.

## Utlån

I 2017 har utlåna i morbank auka med MNOK 1,06 eller 0,04 % til MNOK 2.783,18. Utlån til personkundar har auka med MNOK 70,04 medan utlån til næringslivet har gått ned med MNOK 68,99. I tillegg yter banken MNOK 1.141,20 i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS. I 2017 er det ein auke i porteføljen på MNOK 69,93. Sett i samanheng med Eika Boligkreditt AS, hadde banken ein samla auke i utlån dei siste 12 månadane på MNOK 142,76, eller 3,78 %.

## Innskot

I 2017 har innskota i morbank auka med MNOK 243,82 eller 9,90 % til MNOK 2.706,10. Innskot frå personkundar har auka med MNOK 64,27 og innskot frå næringslivskundar har auka med MNOK 179,55. Innskotsdekninga i morbank pr. 30.09.2017 er 97,23 %.

## Forvaltningskapital

Morbanken sin forvaltningskapital har i 2017 auka med MNOK 171,35 til MNOK 3.497,07 pr. 30.09.2017, ein auke på 5,15 %.

## Dotterselskap og tilknytt selskap

### Dotterselskap

#### **Indre Sogn Sparebank EgedomsmeKling AS**

Indre Sogn Sparebank EgedomsmeKling AS er 100 % eigd av banken. Selskapet marknadsfører seg under namnet Aktiv Sogn, og meklarkontora er samlokalisert med ISSB i Øvre Årdal og Sogndal. Selskapet har pr. 30.09.2017 fire fast tilsette.

Selskapet omsette for MNOK 3,84 pr. 30.09.2017, mot MNOK 5,47 pr. 30.09.2016. Underskot etter skatt pr. 30.09.2017 er MNOK 0,30 mot eit overskot etter skatt pr. 30.09.2016 på MNOK 0,18. Eigenkapitalen er MNOK 0,85 pr. 30.09.2017 mot MNOK 1,28 pr. 30.09.2016.

#### **ISSB Egedom AS**

Indre Sogn Sparebank eig 100 % av ISSB egedom AS som eig lokala Indre Sogn Sparebank leiger i sentrum av Sogndal.

ISSB egedom AS har eit overskot etter skatt pr. 30.09.2017 stort MNOK 0,11 og ein eigenkapital på MNOK 2,21.

### Tilknytt selskap

Den 24.08.2016 kjøpte ISSB 351 aksjar, og eig med det 35 % av ISSB Forsikring AS. Forsikringselskapet er samlokalisert med ISSB i Bergen, og skal selja Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt. Selskapet har pr. 30.09.2017 to tilsette.

Selskapet omsette for MNOK 1,51 pr. 30.09.2017, mot MNOK 1,13 pr. 30.09.2016. Overskot etter skatt pr. 30.09.2017 er MNOK 0,03. Eigenkapitalen er MNOK 0,38 pr. 30.09.2017.



## Utsiktene framover

Både finansnæringa og andre næringar er inne i ei tid med fokus på konkurranse, effektivisering, digitalisering og meir automatisering av tenester og arbeidsprosessar. Styret føl utviklinga nøye og tilpassar fortløpande nødvendige tiltak for banken.

Vidare vil styret i tida framover fokusera på kostnader. Kostnadene har gått ned siste året og styret forventar vidare nedgang.

For å redusera tapa i banken er det viktig med gode kredittprosessar, kontinuerleg kundeoppfølging og sikra høg kvalitet på engasjementa generelt og BM-engasjementa spesielt.

Banken har pr. 30.09.2017 god kapitaldekning og styret vil arbeide for å betre kapitaldekninga framover i samsvar med krava frå styresmaktene.

Ein viktig konkurransefaktor i finansnæringa er kompetanse. Styret prioriterer og set fokus på kompetanse og kvalitet som sikrar god kundehandsaming og gir kundane ei god kundeoppleving. Styret legg vekt på at dei tilsette får opplæring og tek sertifisering innan dei områda som krev det.

Styret legg vekt på at banken har lojale og kompetente medarbeidarar, tette kunderelasjonar med korte beslutningslinjer og ei sterk lokal forankring.

Det har ikkje inntreft hendingar etter balansedagen som endrar banken si stilling.

Årdalstangen den 26. oktober 2017.

*Morten Kristiansen (s.)*

Styreleiar

*Siv Enerstvedt (s.)*

*Jorunn Irene A. Nilssen (s.)*

*Torgeir Strupet (s.)*

*Ingeborg Indrelid (s.)*

*Egon M. Moen (s.)*

Adm. banksjef

## Delårsrekneskap 3. kvartal 2017

### Delårsrekneskap 3. kvartal 2017 - konsern

RESULTAT (i 1.000 kr)	Konsern					i % av gj.sn. forv.kap.
	3. kv.17	3. kv.16	30.09.2017	30.09.2016	31.12.2016	30.09.2017
Renteinntekter	22.896	24.252	68.296	70.665	93.334	2,63 %
Rentekostnader	7.362	8.168	23.631	25.538	33.433	0,91 %
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>15.534</b>	<b>16.084</b>	<b>44.664</b>	<b>45.127</b>	<b>59.900</b>	<b>1,72 %</b>
Utbyte	23	385	7.310	8.904	8.943	0,28 %
Provisjonsinntekter m.v.	5.497	4.768	15.839	13.448	18.613	0,61 %
Provisjonskostnader m.v.	725	778	2.212	2.347	3.192	0,09 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	609	1.203	2.093	-231	-149	0,08 %
Resultatandel investering i tilknytt selskap	-22	0	9	0	4	0,00 %
Andre driftsinntekter	1.623	3.901	9.384	5.645	5.496	0,36 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>7.005</b>	<b>9.479</b>	<b>32.423</b>	<b>25.419</b>	<b>29.715</b>	<b>1,25 %</b>
Løn og personalkostnader	6.501	8.308	21.704	22.923	29.672	0,84 %
Administrasjonskostnader	3.291	3.440	9.514	9.692	12.510	0,37 %
Avskrivning på driftsmidler	596	951	2.511	2.822	4.208	0,10 %
Andre driftskostnader	5.196	4.297	15.861	15.939	20.444	0,61 %
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>15.585</b>	<b>16.996</b>	<b>49.591</b>	<b>51.376</b>	<b>66.834</b>	<b>1,91 %</b>
Tap på utlån	53	447	3.679	11	1.131	0,14 %
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>6.901</b>	<b>8.120</b>	<b>23.818</b>	<b>19.159</b>	<b>21.650</b>	<b>0,92 %</b>
Skattekostnad	1.708	1.678	3.068	2.291	3.262	0,12 %
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>5.193</b>	<b>6.442</b>	<b>20.750</b>	<b>16.868</b>	<b>18.388</b>	<b>0,80 %</b>
<b>Utvida resultat</b>						
<b>Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat</b>						
Endring i estimatawisk pensjonsordning	0	0	0	0	64	0,00 %
<b>Postar som kan bli reversert i ordinært resultat</b>						
Verdiendring på finansielle eigedeler tilgjengeleg for sal	-1.467	0	-2.967	-3.603	2.122	-0,11 %
<b>Utvida resultat etter skatt</b>	<b>-1.467</b>	<b>0</b>	<b>-2.967</b>	<b>-3.603</b>	<b>2.186</b>	<b>-0,11 %</b>
<b>Totalresultat</b>	<b>3.727</b>	<b>6.442</b>	<b>17.783</b>	<b>13.265</b>	<b>20.574</b>	<b>0,68 %</b>
<b>Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis</b>	<b>2,44</b>	<b>3,09</b>	<b>9,95</b>	<b>8,01</b>	<b>8,57</b>	

#### BALANSE (i 1.000 kr)

	30.09.2017	30.09.2016	31.12.2016	30.09.2017
<b>Eigendelar</b>				
Kontantar og fordringar på sentralbankar	355.252	153.174	120.227	10,16 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	73.911	241.982	111.457	2,11 %
Utlån til og fordringar på kundar	2.772.198	2.762.427	2.768.108	79,25 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	110.248	165.222	151.262	3,15 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal	136.955	127.738	136.509	3,92 %
Investering i dotterselskap	0	0	0	0,00 %
Investering i tilknytt selskap	148	0	139	0,00 %
Goodwill	613	912	613	0,02 %
Utsett skattefordel	0	911	782	0,00 %
Varige driftsmidler	38.461	33.219	32.263	1,10 %
Overtekne og andre eigendelar	10.114	7.187	5.114	0,29 %
<b>Sum eigendelar</b>	<b>3.497.900</b>	<b>3.492.772</b>	<b>3.326.474</b>	<b>100,00 %</b>
<b>Gjeld og eigenkapital</b>				
Gjeld til kredittinstitusjonar	684	32	3	0,02 %
Innskot frå kundar	2.693.576	2.592.173	2.446.698	77,01 %
Gjeld ved utsteda verdipapir	350.141	447.133	439.545	10,01 %
Anna gjeld	29.191	49.824	30.001	0,83 %
Pensjonsforpliktingar	0	518	169	0,00 %
Ansvarleg lånekapital	50.633	50.669	50.678	1,45 %
<b>Sum gjeld</b>	<b>3.124.226</b>	<b>3.140.349</b>	<b>2.967.095</b>	<b>89,32 %</b>
Opptent eigenkapital	248.532	231.220	255.049	7,11 %
Innskoten eigenkapital	104.392	104.332	104.332	2,98 %
Udisponert overskot etter skatt	20.750	16.868	0	0,59 %
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>373.675</b>	<b>352.420</b>	<b>359.380</b>	<b>10,68 %</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>3.497.900</b>	<b>3.492.772</b>	<b>3.326.474</b>	<b>100,00 %</b>
<b>Postar utanom balansen</b>				
Garantiar	80.994	98.609	82.067	
Garanti Eika Boligkreditt AS	12.965	14.047	12.093	

## Delårsrekneskap 3. kvartal 2017 - morbank

Morbank						i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTAT (i 1.000 kr)	3. kv.17	3. kv.16	30.09.2017	30.09.2016	31.12.2016	30.09.2017
Renteinntekter	22.902	24.265	68.317	70.680	93.321	2,63 %
Rentekostnader	7.362	8.176	23.631	25.547	33.448	0,91 %
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>15.541</b>	<b>16.089</b>	<b>44.687</b>	<b>45.133</b>	<b>59.873</b>	<b>1,72 %</b>
Utbyte	23	385	7.310	8.904	8.943	0,28 %
Provisjonsinntekter m.v.	5.497	4.768	15.839	13.448	18.613	0,61 %
Provisjonskostnader m.v.	725	778	2.212	2.347	3.192	0,09 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	609	1.203	2.093	-231	-149	0,08 %
Resultatandel investering i tilknyttet selskap	0	0	0	0	0	0,00 %
Andre driftsinntekter	106	106	2.383	318	417	0,09 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>5.510</b>	<b>5.684</b>	<b>25.413</b>	<b>20.092</b>	<b>24.632</b>	<b>0,98 %</b>
Løn og personalkostnader	5.593	5.913	19.438	19.733	26.876	0,75 %
Administrasjonskostnader	2.952	2.927	8.729	8.788	11.366	0,34 %
Avskrivningar på driftsmidler	563	925	2.441	2.781	3.878	0,09 %
Andre driftskostnader	5.083	3.787	15.029	14.935	19.237	0,58 %
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>14.191</b>	<b>13.552</b>	<b>45.637</b>	<b>46.237</b>	<b>61.357</b>	<b>1,76 %</b>
Tap på utlån	53	447	3.679	11	1.131	0,14 %
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>6.807</b>	<b>7.774</b>	<b>20.784</b>	<b>18.977</b>	<b>22.017</b>	<b>0,80 %</b>
Skattekostnad	1.675	1.678	3.122	2.291	3.277	0,12 %
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>5.132</b>	<b>6.096</b>	<b>17.662</b>	<b>16.686</b>	<b>18.740</b>	<b>0,68 %</b>
<b>Utvida resultat</b>						
<b>Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat</b>						
Endring i estimatawik pensjonsordning	0	0	0	0	64	0,00 %
<b>Postar som kan bli reversert i ordinært resultat</b>						
Verdiendring på finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	-1.466	0	1.661	-3.603	1.823	0,06 %
<b>Utvida resultat etter skatt</b>	<b>-1.466</b>	<b>0</b>	<b>1.661</b>	<b>-3.603</b>	<b>1.887</b>	<b>0,06 %</b>
<b>Totalresultat</b>	<b>3.666</b>	<b>6.096</b>	<b>19.323</b>	<b>13.083</b>	<b>20.627</b>	<b>0,74 %</b>
<b>Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis</b>	<b>2,41</b>	<b>2,92</b>	<b>8,37</b>	<b>7,92</b>	<b>8,75</b>	

### BALANSE (i 1.000 kr)

Eigendelar	30.09.2017	30.09.2016	31.12.2016	30.09.2017
Kontantar og fordringar på sentralbankar	355.252	153.174	120.227	10,16 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	74.100	241.982	111.457	2,12 %
Utlån til og fordringar på kundar	2.772.198	2.759.505	2.768.108	79,27 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	110.248	165.222	151.262	3,15 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal	136.955	127.738	136.509	3,92 %
Investering i dotterselskap	12.779	2.213	1.779	0,37 %
Investering i tilknytt selskap	135	0	135	0,00 %
Goodwill	0	0	0	0,00 %
Utsett skattefordel	719	863	719	0,02 %
Varige driftsmidler	26.631	33.191	32.243	0,76 %
Overtekne og andre eigendelar	8.047	7.187	3.277	0,23 %
<b>Sum eigendelar</b>	<b>3.497.065</b>	<b>3.491.075</b>	<b>3.325.717</b>	<b>100,00 %</b>
<b>Gjeld og eigenkapital</b>				
Gjeld til kredittinstitusjonar	83	32	3	0,00 %
Innskot frå kundar	2.706.096	2.619.051	2.462.279	77,38 %
Gjeld ved utsteda verdipapir	350.141	447.133	439.545	10,01 %
Anna gjeld	14.883	21.260	13.649	0,43 %
Pensjonsforpliktingar	0	518	169	0,00 %
Ansvarleg lånekapital	50.633	50.669	50.678	1,45 %
<b>Sum gjeld</b>	<b>3.121.837</b>	<b>3.138.663</b>	<b>2.966.324</b>	<b>89,27 %</b>
Opptent eigenkapital	253.174	231.392	255.062	7,24 %
Innskoten eigenkapital	104.392	104.332	104.332	2,99 %
Udisponert overskot etter skatt	17.662	16.687	0	0,51 %
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>375.228</b>	<b>352.411</b>	<b>359.394</b>	<b>10,73 %</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>3.497.065</b>	<b>3.491.075</b>	<b>3.325.717</b>	<b>100,00 %</b>
<b>Postar utanom balansen</b>				
Garantiar	80.994	98.609	82.067	
Garanti Eika Boligkreditt AS	12.965	14.047	12.093	

# Eigenkapitaloppstilling

## Eigenkapitaloppstilling konsern pr. 30.09.2017

	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital			Sum egenkapital	i 1.000 kr
	Eigenkapitalbevis	Overkursfond	Fondsobligasjon	Sparebanken sitt fond	Utjamningsfond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
<b>Eigenkapital 01.01.2016</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>39.837</b>	<b>159.416</b>	<b>27.430</b>	<b>23.397</b>	<b>29.135</b>	<b>343.652</b>	
Resultat etter skatt				11.250	6.138	1.000		18.388	
<i>Utvida resultat</i>									
*Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon				85				85	
*Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon				-21				-21	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje							2.122	2.122	
<b>Totalresultat 31.12.2016</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>11.314</b>	<b>6.138</b>	<b>1.000</b>	<b>2.122</b>	<b>20.574</b>	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>									
Utbetalt utbyte for 2015					-2.530			-2.530	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>									
Utbetalt frå gåvefond						-507		-507	
Fondsobligasjon			59	-1.256	-605			-1.803	
<b>Eigenkapital 31.12.2016</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>39.895</b>	<b>169.474</b>	<b>30.433</b>	<b>23.890</b>	<b>31.257</b>	<b>359.380</b>	
Resultat etter skatt				20.750				20.750	
<i>Utvida resultat</i>									
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon								0	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon								0	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje							-2.967	-2.967	
<b>Totalresultat 30.09.2017</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>20.750</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-2.967</b>	<b>17.783</b>	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>									
Utbetalt utbyte for 2016					-1.898			-1.898	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								0	
Utbetalt frå gåvefond						-272		-272	
Fondsobligasjon			60	-931	-448			-1.319	
<b>Eigenkapital 30.09.2017</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>39.955</b>	<b>189.293</b>	<b>28.087</b>	<b>23.618</b>	<b>28.290</b>	<b>373.674</b>	

## Eigenkapitaloppstilling morbank pr. 30.09.2017

	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital			Sum egenkapital
	Eigenkapitalbevis	Overkursfond	Fondsobligasjon	Sparebanken sitt fond	Utjæmningsfond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster	
<b>Eigenkapital 01.01.2016</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>39.837</b>	<b>159.368</b>	<b>27.431</b>	<b>23.397</b>	<b>29.136</b>	<b>343.606</b>
Resultat etter skatt				11.602	6.138	1.000		18.740
<i>Utvida resultat</i>								
*Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon				85				85
*Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon				-23				-23
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje							1.823	1.823
<b>Totalresultat 31.12.2016</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>11.664</b>	<b>6.138</b>	<b>1.000</b>	<b>1.823</b>	<b>20.625</b>
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2015					-2.530			-2.530
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond						-507		-507
Fondsobligasjon			59	-1.256	-605			-1.803
<b>Eigenkapital 31.12.2016</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>39.895</b>	<b>169.776</b>	<b>30.434</b>	<b>23.890</b>	<b>30.959</b>	<b>359.393</b>
Resultat etter skatt				17.662				17.662
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon								0
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon								0
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje							1.661	1.661
<b>Totalresultat 30.09.2017</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>17.662</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.661</b>	<b>19.323</b>
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2016					-1.898			-1.898
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond						-272		-272
Fondsobligasjon			60	-931	-448			-1.319
<b>Eigenkapital 30.09.2017</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>39.955</b>	<b>186.507</b>	<b>28.088</b>	<b>23.618</b>	<b>32.620</b>	<b>375.227</b>

i 1.000 kr

# Kontantstrømanalyse

i 1.000 kr

Morbank			Konsern		
31.12.2016 (omarbeida)	30.09.2016 (omarbeida)	30.09.2017	30.09.2017	30.09.2016 (omarbeida)	31.12.2016 (omarbeida)
			<b>Kontantstrømar frå operasjonelle aktivitetar</b>		
-168.072	-154.959	-11.277	-9.440	-153.433	-168.513
88.440	67.752	65.258	65.236	69.975	88.453
3.600	0	0	0	0	3.600
51.295	204.416	230.792	233.853	198.464	51.456
-21.422	-3.725	-2.519	-2.519	-3.725	-21.408
3	32	80	681	32	3
1.947	1.014	1.235	1.235	1.014	1.947
42.455	35.670	39.600	39.600	35.670	42.455
2.665	2.024	986	986	2.024	2.665
15.421	11.617	13.627	13.627	11.617	15.421
-1.501	0	666	666	0	-1.501
-24.322	-37.888	2.826	2.826	-37.888	-24.322
-56.176	-42.830	-41.283	-46.946	-40.470	-55.923
-3.755	-5.057	-3.507	-3.507	-5.057	-3.755
-507	-402	-272	-272	-402	-507
<b>-69.928</b>	<b>77.664</b>	<b>296.212</b>	<b>296.026</b>	<b>77.821</b>	<b>-69.928</b>
			<b>A Netto likviditetsendring frå operasjonelle aktivitetar</b>		
			<b>Kontantstrømar frå investeringar</b>		
-1.124	-4.665	-344	-399	-4.688	-1.124
0	0	5.450	5.450	0	0
-6.796	0	-11.312	-4.940	-135	-6.796
317	0	1.451	1.451	0	317
8.943	8.904	7.310	7.310	8.904	8.943
0	0	0	-6.289	0	0
<b>1.340</b>	<b>4.239</b>	<b>2.556</b>	<b>2.584</b>	<b>4.081</b>	<b>1.340</b>
			<b>B Netto likviditetsendring investering</b>		
			<b>Kontantstrømar frå finansiering</b>		
200.000	0	100.000	100.000	0	200.000
-240.500	-33.577	-189.105	-189.137	-33.577	-240.500
-10.612	-7.977	-7.231	-7.231	-7.977	-10.612
-1.347	-1.691	-1.028	-1.028	-1.691	-1.347
-2.482	-1.244	-1.839	-1.839	-1.244	-2.482
-2.530	0	-1.898	-1.898	0	-2.530
<b>-57.471</b>	<b>-44.489</b>	<b>-101.100</b>	<b>-101.132</b>	<b>-44.489</b>	<b>-57.471</b>
			<b>C Netto likviditetsendring finansiering</b>		
<b>-126.058</b>	<b>37.414</b>	<b>197.668</b>	<b>197.478</b>	<b>37.413</b>	<b>-126.058</b>
			<b>A + B + C Netto endring likvidar i perioden</b>		
357.743	357.742	231.684	231.684	357.742	357.742
231.685	395.156	429.352	429.162	395.156	231.684
			<b>Likviditetsbehaldning spesifisert:</b>		
120.227	153.174	355.252	355.252	153.174	120.227
111.457	241.982	74.100	73.911	241.982	111.457
<b>231.684</b>	<b>395.156</b>	<b>429.352</b>	<b>429.163</b>	<b>395.156</b>	<b>231.684</b>
			<b>Likviditetsbehaldning</b>		

Kontantstrømanalysen er utarbeidd etter den direkte metoden, og viser korleis morbank og konsern har fått tilført likvide midlar og korleis desse er brukt.

Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank, samt utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar.

## Notar

### 1 Generell informasjon

ISSB er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn, men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. ISSB er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2017 til 30.09.2017. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. ISSB innreknar dotterselskapa Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS og ISSB Eigedom AS i konsernrekneskapet.

Rekneskapet for tredje kvartal 2017 vart vedteke av styret 26. oktober 2017.

### 2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapet til konsernet Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Dei same rekneskapsprinsippa og utrekningane som vart nytta i årsrekneskapet for 2016, med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

#### IFRS 9

IFRS 9 endrar reglene for tapsavsetningar på ein vesentleg måte i høve til krava i IAS 39. Etter IFRS 9 skal tapsavsetningar gjerast ut i frå ein forventa tapsmodell, i motsetning til påløpne/konstanterte tap som følgje av IAS 39. Banken vil i henhald til dei nye regelverket vera pålagde å rekneskapsføra ein avsetning for forventa tap på alle utlån. Banken er i samarbeid med Eika-Gruppen og SDC i gang med å førebu

endringar som følgje av IFRS 9 frå 2018 og vil i følgje prosjektplanen få rapportert berekna effekt av dei nye krava i løpet av Q4 i 2017.

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat, viser banken til årsrapporten for 2016 for Indre Sogn Sparebank.

### 3 Konsern og tilknytt selskap

#### 3.1. Konsern - Goodwill

Goodwill vert vurdert for nedskriving ved kvart rapporteringstidspunkt. Goodwill NOK 613.000 referer seg til overtakinga av Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS den 01.05.2013. Banken si oppfatning er at denne verdien er intakt pr. 30.09.2017.

#### 3.2. Konsern - Oppkjøp

Den 31. mars 2017 kjøpte banken 100 % av aksjane i eigedomsselskapet A.J. Holen Installasjon A. Selskapet er eit reint eigedomsselskap og eigendelane til selskapet er ein eigedom i Sogndal sentrum.

#### Berekening av meirverdi:

	i 1.000 kr.
Vederlag for aksjane	6.372
Bokført egenkapital på oppkjøpstidspunktet	2.076
<b>Meirverdi</b>	<b>4.296</b>

#### Fordeling av eigendelar og forpliktingar ved oppkjøpet

Art	Bokført verdi	Meir/mindre verdier	Verkeleg verdi
Tomtar, bygningar og fast eigedom	2.404	9.476	11.880
Bankinnskot, kontantar og liknande	83		83
Andre eiendeler	25		25
Utsett skatt	-293	-1.890	-2.183
Anna gjeld	-143		-143
